



-Der var vi, fortel Gunnar Kjærland

Ein pionermisjonær har eit oppdrag som såmann og som ikkje sluttar før budskapet om å overlevera det som ein Guds gåve til alle er fullført, konkluderte Gunnar Kjærland då han ikveld heldt det fyrste føredraget i serien om misjon og kultur i Sør-Etiopia i bedehuskjellaren, Uskedelingen som har lagt ned sitt livsverk i misjonen si teneste nærmar seg 93 men det kan ingen tru, heller ikkje dei 20 som hørde føredraget. Han har 6 føredrag på programmet og det neste kjem tysdag 13, oktober.

Kjærland konstaterte at det er mange vanskar som må overvinnast på vegen og som han i høgste grad har vore stilt overfor. Men det betyr ingenting mot at ein alltid har målet klårt for seg. Og når han ikkje målet tek andre over og gjev ikkje opp før gáva er motteke.

Det er mange vegar som ein kan gå, som klinikkarbeid, skule, jordbruk, snekring og mursteinsbrenning, påpeika Kjærland som ga ei levande skldring av folk og tilhøve som han og Edith møtte då dei kom til det store afrikanske landet like etter krigen,

Han streka ikkje minst under kor naudsynt det er med kjennskap til dei ein skal nå fram til og kjem seinare i serien meir inn på den nomadekulturen dei møtte.

Kjærland imponerte med ein framifrå hukommelse. ikkje minst om folk dei møtte og vart livslange vener med. Han gledde seg mykje over kor langt nokre av dei har nådd i livet. Til dømes vart ein buss-sjåfør i New York!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Gunnar fekk god kontakt med gamle og unge